



Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde

ÅRSMELDING 2023

Medlemmar i Områdeutvalet

Partane

- Voss herad:
 - Kjersti Nordanger, Kommunalsjef helse og omsorg, leiar
- Kvam herad:
 - Terje Langeland, Kommunalsjef Helse og omsorg
- Ulvik herad:
 - Åshild Sønsteby, Kommunalsjef helse og velferd til 30.06.2023
 - Torstein Hellesnes, Kommunalsjef helse og velferd frå 01.07.2023
- Vaksdal kommune:
 - Solrun Hauglum, Kommunalsjef helse og meistring
- Eidfjord kommune:
 - Karin Flatabø Thrane, Einingsleiar helse og omsorg
- Helse Bergen:
 - Hans Olav Instefjord, Klinikkdirktør divisjon psykisk helsevern
 - Olav Lødemel, Direktør Voss sjukehus, til oktober 2023, nestleiar
 - Birger Lærum, konstituert direktør Voss sjukehus frå oktober 2023, nestleiar
 - Grete Lill Hjartnes, seksjonsleiar seksjon samhandling
 - Maria Vollseter, Klinikkk direktør barne- og ungdomsklinikken
 - Bjørkeli DPS frå april 2023

Brukarrepresentantar:

- Brita Træbakken (kommunal brukarrepresentant)
- Atle Grung Eide (Brukarutvalet i Helse Bergen)

Andre

- Eystein Hauge, kommuneoverlege representant
- Eldfrid Nerland Haukenes, fastlege representant
- Britt Heidi Tefre (NSF, Helse Bergen)
- Line Lie (Fagforbundet, kommunane)

Samarbeidssekretariatet (SSE)

- Reidun Braut Kjosås
- Trude Hjortland

Møtefrekvens

Områdeutvalet har hatt fire møter i 2023

- Møte 1 – 2.februar 2023
- Møte 2 – 27.april 2023
- Møte 3 – 31.august 2023
- Møte 4 – 6.november 2023

Det er handsama 53 saker.

Andre møte relatert til samhandlingsstrukturen

Kjersti Nordanger deltek i strategisk samarbeidsråd (SSU) på vegne av kommunane i Voss lokalsjukehusområdet. Kjersti har delteke på SSU møter. SSU har hatt fire møter i 2023 (16.feb, 1.juni, 22.sep og 30.nov).

Toppleiarmøte vart gjennomført 19.april 2023. Bergen kommune i samarbeid med Helse Bergen var arrangør.

Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde har representantar i følgjande faste utval:

- Medisinskfagleg utval ved Unni Solem, Ulvik herad
- Fag og samarbeidsrådet i Utviklingscenter for sykehjem og hjemmetjenester ved Kjersti Nordanger

Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde har hatt representantar i følgjande arbeidsgrupper:

- Arbeidsgruppe for felles overordnastrategi for Helsefelleskapet i Bergensområdet
 - Kjersti Nordanger (Voss)
- Møteplass for habilitering og rehabilitering
 - Kristin Aase (Ulvik) til juni 2023
 - Ingeborg H. Uppheim (Voss) frå juni – okt. 2023
 - Stine Øvsthus (Voss) frå okt. 2023
- Arbeidsgruppe for Kvalitetsforbetring av samhandling om ernæringsstatus og ernæringsoppfølging
 - Eli Skeie (Kvam) til juni 2023
 - Tove Pedersen (Kvam) frå juni 2023
- Referansegruppe Psykisk helsevern for framtida
 - Arne Kristian Marø (Voss)
- Pakkeforløp kreft heim
 - Kirsti Buset (Voss)
- Innleggelsesrapport som første melding
 - Kjersti Hansen (Kvam herad)
- Arbeidsgruppe for etablering av faglege samarbeidsutval, barn og unge
 - June Eide Viken (Vaksdal)
- Arbeidsgruppe for etablering av faglege samarbeidsutval, skrøpelege eldre
 - Svein Ivar Fylkesnes (Kvam)

Saker som utvalet har hatt til handsaming

Sakslistene våre er prega av fellessaker med dei andre samarbeidsutvala, førebudde av Samhandlingssekretariatet (SSE):

- Orientering frå SSU møter
- Etablering av helsefellesskapsstrukturen (FSU)
- Felles overordna strategi for Helsefellesskapet i Bergensområdet
- Felles retningslinje for samhandling om ernæringsstatus og ernæringsoppfølging
- Psykisk helsevern for framtida

Meir lokale saker

- Underutvalstrukturen – nye mandat
- Orientering frå partane
- Orientering frå underutvala
- Søknader om støtte til lokale samhandlingstiltak
- Lokalsjukehuskonferansen
- Inkludera Voss DPS NKS Bjørkeli i områdeutvalet

Seminar/kurs støtta av områdeutvalet

- Hardanger og Voss legevaktdistrikt fekk tilskot (kr 50 000,-) til gjennomføring av Legevaktsseminar for Hardanger og Voss legevaktdistrikt (sak 31/23).
- Underskotsgaranti for lokalsjukehuskonferansen inntil 35 000,- (sak 07/23)
- Voss interkommunale legevakt fekk innvilga kr 50 000 til deltaking på instruktørutdanning (sak 17/23)

Underutvala tilhøyrande områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde

Dei 5 underutvala er:

- Underutval for rehabilitering
- Underutval for rus og psykiatri
- Underutval for barn og unge si psykiske helse
- Underutval for pleie- og omsorg
- Underutval for akuttmedisin og beredskap/UFAB

Dei ulike underutvala har hatt 2-4 møter i 2023.

Rekneskap 2023

Sjå eige dokument.

24.01.2023
Kjersti Nordanger
leiar